



Saksframlegg

Skuleskyss grunna farleg skuleveg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Formannskapet - klagemneda

Dokument i saka:

Søknad om skuleskyss grunna farleg skuleveg 27.10.24
Mellombels svar frå kommunalsjef 01.11.24 pr tlf.
Svar på søknad om skuleskyss 27.01.25
Klage på vedtak om skuleskyss 04.02.25
Oppretthaldande vedtak 19.02.25

Bakgrunn for saka:

I oktober kom det inn spørsmål om skuleskyss frå Eldri Marie Metveit, med grunnlag i farleg skuleveg for deira to barn. Familien hadde flytt til Birtedalsvegen 105, nærare bestemt ved Snartlandsbrua.

Frå før er det ikkje skulebarn på strekninga frå Snarteland og opp til Verpet. Foreldra har fått tilbod om å ta bussen som går forbi i dag, der dei må betale for skuleskyssen, i påvente av befaring. Det ynskte dei ikkje.

Barna i denne saka er ein gut i 7. klasse og ei jente i 2. klasse. Avstanden frå heimen til skulen er 3 km., men startar med ei lang slette på ca 1 km.

Er skulevegen mindre enn 4 km er det kommunen som må gjere eit vedtak. Vedtaket sendast til Fylkeskommunen.

Fyresdal kommune har hatt svært få saker ang skuleveg dei siste 15 åra og i tillegg har desse vore ulike. Ein ynskte difor rettleiing og befaring med erfaren sakkunnige frå Fylkeskommunen. Befaring vart gjennomført av Fylkeskommunen, rektor ved Gimle skule og kommunalsjef for kultur og oppvekst 16.12.24.

Notat frå befaring:

Denne strekningen har ikkje ljøs, den har 80 km grense, men er oversiktleg og rett. Her er lite trafikk (normalt vil det nok vere mest trafikk om morgonen, då eleven skal gå til skulen).

Siktsoner er bra. Det er lite vegetasjon og god fluktmoglegheit ut av vegen.

Fylkeskommunen seier at i samanlikning med andre saker ville verken dei eller politiet vurdert denne strekningen til å vere farleg skuleveg.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; for areal, klima og miljø – varetake mjuke trafikkantar.

Dei fleste elevar i dag tek skulebuss. Det er fine gang- og sykkelveggar på fleire strekningar, men ikkje alle stadar. Dei sentrumsnære elevane kjem seg til skulen på eige initiativ, sjølv om skulevegen kan vere utfordrande. Det vere seg kryssing av riksveg, ikkje ljøs, fart og uoversiktlege soner.

Trygg skuleveg er viktig for alle barn i Fyresdal kommune. Ei trafikkulykke eller uhell der barn er involvert er svært uheldig og kan få store ringverknadar. Det er også vanskeleg å bruke økonomi som eit argument i slike saker. Enkelt vedtak skaper presidens og samanlikning og prinsipp for likebehandling er viktig.

Trafikken har auka i bygda og kan auke ytterlegare med ei næringsutbygging, spesielt i området Molandsmoen- Verpet. Tema farleg skuleveg bør drøftast politisk. På den måten får ein sett på heilheten i bygda.

Statsforvaltaren seier i sine vedtak i klagesaker at skulevegen skal ha ein viss risiko, då elevar skal øve seg på dette. Dei seier også at det er foreldre og barn sitt ansvar korleis dei ferdast i trafikken og at dei må ta dei forholdsreglane som er, nemleg å vere synleg og kunne trafikkreglane. Refleksvest og hovudlykt er viktig, spesielt vinterstid. Høg fart og ikkje gateljøs er ikkje alltid samanfallande med farleg skuleveg.

Vidare seier Fylkeskommunen at erfaringar viser at trafikken tek hensyn til mjuke trafikantar etter vegen til og frå skulen.

Vinterstid med mørke og høge brauter kan gjere vegen meir uoversiktleig med tanke på elevar i småskulen, difor er det fleire kommunar som innvilgar skuleskyss for elevar t.d. vinterstid frå 01.11-31.03. Andre plassar er trafikken verst om morgonen og ein innvilgar difor skyss i denne tida.

Kommunen skal betale pr reise, basert på avstand. Taksten i 2025 er på 27 kr for denne eleven, altså kr 108,- per veke for 4 morgonturar.

Guten i 7. klasse må ein forvente at klarer å gå til og frå skulen med det trafikkbilete som er. Dette grunngjeve i alder og forventning om å kunne orientere seg i trafikken.

Ein vurderer difor saken til å omhandle eleven i 2. klasse og innvilgar difor jenta skuleskyss om morgonen vinterhalvåret til og med 3. klasse. Jenta har pr dags dato SFO tilbod 2 dagar i veka og skulefri onsdag.

Konklusjon:

Fyresdal kommune vurderer denne saka opp mot rådgjeving og befarar med Fylkeskommunen. Vurderingane må i vareta både den einskilde og heilskapen. Eit vedtak vil skape presidens for liknande saker og ein ynskjer difor ei politisk drøfting rundt tema farleg skuleveg.

Kommunalsjef for kultur og oppvekst har meldt behov for drøfting av tema skuleskyss til Trafikksikkerhetsutvalet, som nå også har Trafikksikkerhetsplan ute til høyring.

Sjølv om strekningen frå Snartlandsbrua og til Verpet kun er ca 1 km lang, kan den nok verke lang og utfordrande for ein 2. klassing. Medan strekningen vidare går på ein trygg og opplyst gang- og sykkelveg.

Skulebussen køyrer rett forbi heimen og det er mogeleg å gå på denne bussen heile året mot å betale skyssen sjølv, då eleven ikkje har rett på skuleskyss.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Fyresdal kommune opprettheld vedtaket frå 27.01.25. og innvilgar sesongskyss for Evelyn Nedrebø om morgonen frå 01.11. - 31.03. Vedtaket gjeld for skuleåret 2024- 2025 og 2025-2026. For Teodor Nedrebø vert det fatta vedtak om avslag på søknad om skuleskyss.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Liv Johre-Bakke
	kommunalsjef kultur og oppvekst